

BrainCare Ethiopia  
Kjærholen 23  
4316 Sandnes

Kjære støttespelar

## Ein merkedag for Braincare Ethiopia

Like før jul 2009 gjekk dei to første utdanningskandidatane opp til eksamen. 16. januar var det graduation-fest der Mersha Abebe og Abbat Sahlu fekk sitt endelege bevis på at dei er utdanna som spesialistar i nevrokirurgi.

Eg fekk vere med på denne dagen, og det var ei stor oppleving. Ikkje berre for Braincare, men like mykje for heile nasjonen. Dette er dei to første etiopiske nevrokirurgane som nokon gong er utdanna i heimlandet.

Under det vekelange opphaldet i Addis Abeda fekk eg treffe og prate med mange av dei sentrale personane ved Universitetssjukehuset Black Lion, og ikkje minst ha gode og lange samtalar med Gabriel Lende. Endeleg ser det ut til at ting fell på plass. Gabriel er no tilsett ved Black Lion i heil stilling, lønna av Braincare. Hans oppgåve er å vere med vidare i utdanningsprogrammet for nye kandidatar. Akkurat no er det ei handfull kandidatar som er med i programmet, ein av desse skal avslutte si spesialistutdanning om eitt år.

Ei anna viktig oppgåve for Gabriel er å byggje opp ei nevrokirurgisk eining ved sjukehuset Zewditu. Den formelle opninga var søndag 7. februar, og veka etterpå var det flytting av instrument og utstyr frå Black Lion. Akkurat no skal Zewditu vere klar til å ta imot dei første pasientane.

Det var utruleg gildt å få sjå dei nyoppussa lokala ved Zewditu. Sjukehuset er velegna for pasientarbeid og undervisning, og vi er trygge på at dette òg vil vere med og styrke både utdanningsprogrammet og tilbodet vi kan vere med å gi til det etiopiske folket. Zewditu er eit offentleg sjukehus der alle vil ha same rett til gratis behandling – noko som er heilt avgjerande for Braincare.

Men det er også utfordringar knytta til Zewditu. Behovet for utstyr til pasientbehandling (operasjonar, røntgen, laboratrium og vanlege sengeavdelingar - både for vaksne og barn) er stort. Det offentlege har svært lite midlar å tilby. Gjennom ein samarbeidsavtale med Universitetet i Addis Abeba og dei lokale

helsestyresmaktene i Addis som driv Zewditu tek Braincare sikte på å vere med og finansiere innkjøp av utstyr. Behovet for tilsette er også stort. Kanskje kan Braincare også bidra på dette feltet.

Styret i Braincare Ethiopia har vedteke å rette arbeidet sitt og innsatsen inn mot Zewditu. Vi har ikkje teke stilling til kva utstyr som skal kjøpast inn. Her er vi i ein konstant dialog med sjukehuset og Gabriel Lende som kjenner på kvar behovet er størst.

Det var djupt rørende å møte leiinga ved kirurgisk avdeling og leiinga ved den nevrokirurgiske eininga som ligg under den kirurgiske avdelinga ved Black Lion. Dei uttrykte stor takksemd for det arbeidet Braincare står i og ikkje minst Gabriel Lende si betydning for det viktige oppdraget med utdanning av nye kandidatar.

Først og fremst er vi no glade og takksame for at arbeidet i Etiopia har lagt seg så godt til rette. Og ikkje minst vil vi rette ein varm takk til alle som støttar Braincare sitt arbeid. På den måten er vi med og gjer ein forskjell for mange som treng eit nevrokirurgisk tilbod i Etiopia. Vi maktar sjølv sagt ikkje å nå alle, men det å få vere med å bidra gir håp for framtida.

Takk for at du støttar arbeidet i Braincare Ethiopia.

Undheim 25. februar 2010

Helsing styret for Braincare Ethiopia



Steinar Sandvik  
styreleiar